

VEDTEKTER FOR FOND TIL FREMJE AV FISKE I FORTUN/ GRANDFASTA, LUSTER KOMMUNE

Med heimel i lov om vassdragsreguleringar av 14. desember 1917 nr. 17, § 12 nr. 8, 2. lekken, jf kgl.res. av 24. september 1965, jf kronprinsreg. res. av 25. januar 1957, har Direktoratet for naturforvaltning den * 1992 fastsett følgjande vedtekter for det fiskefond som blei oppretta i samband med reguleringa av Fortun-Grandfastavassdraget i Oppland og Sogn og Fjordane fylke. Grunnkapitalen på fondet var opphavleg på kr. 100.000. Fondet blir med dette delt på dei to fylka etter omfanget av reguleringa (magasinarealet) i dei to fylka. Grunnkapitalen for fondet i Sogn og Fjordane er pr. * 1992 justert til kr. 315.000.-.

§ 1

Fondet skal nyttast til konkrete fiskefremjande tiltak i Fortun-Grandfastavassdraget i Luster kommune, Oppland fylke, og disponerast av kommunestyret. Renteavkastninga skal disponerast etter ein plan som vert laga årleg. Når det gjeld større tiltak som er for kostbare til å kunne setjast i verk ved hjelp av renteavkastninga, kan kommunestyret etter samtykke frå Direktoratet for naturforvaltning, avgjere at ein kan bruke deler av fondet sin grunnkapital. Dersom slikt samtykke blir gjeve, skal det setjast som vilkår at fondet snarast råd blir ført opp til justert grunnkapitalnivå igjen.

§ 2

Til hjelp ved forvaltninga av fondet oppnemner kommunestyret eit styre på 4 medlemmer med personlege vararepresentantar. Den nemnda/utvalet som har ansvar for fiske i kommunen kan etter vedtak av kommunestyret fungere som styre for fondet. Funksjonstida for styret er 4 år. Oppnemninga skjer etter kvart val på kommunestyre. Styret vel sjølv sin leiar og nestleiar.

§ 3

Møte skal samankallast av leiaren, eller i hans fråvær av nestleieren. Kvart einskilt styremedlem kan krevje at styret blir samankalla. Styret er vedtaksført når 4 medlemmer er til stades. Det same gjeld når det er 3 medlemmer til stades og vedtaket er einstemmig. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme. Styret skal ha møte minst ein gong i året.

§ 4

Styret skal i samarbeid med fylkesmannen utarbeide plan for bruken av midlane og leggje forslaget fram for kommunestyret. Styret skal sjå til at midlane blir nytta i samsvar med kommunestyret sitt vedtak. Melding om bruken av fondsmidlar skal sendast fylkesmannen til orientering.

§ 5.

Kommunestyret sitt vedtak om bruken av midlane er underlagt fylkesmannen sin kontroll etter kommunestyreløven § 60.

§ 6.

Fondet sin kapital skal plasserast etter vilkår for plassering av offentlege fonds.

§ 7

Desse vedtektene trer i kraft straks.